
Saksnr: 2023/32806-10
Saksbehandlar: Pål Andre Kleive

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------|-------------|------------|
| Finansutvalet | | 15.11.2023 |
| Fylkesutvalet | | 28.11.2023 |
| Fylkestinget | | 13.12.2023 |

Budsjett 2024/økonomiplan 2024-2027 - arbeidsdokument 4/23

Forslag til innstilling

- Dokumentet «Budsjett 2024 / økonomiplan 2024-27» utgjør det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2024-27.
- Driftsbudsjettet for 2024 vert vedteke med slike rammer:

| | 1 000 kr |
|---|-------------------|
| Generelle driftsinntekter | |
| Rammetilskot | 7 377 000 |
| Inntekts- og formuesskatt | 5 072 425 |
| Andre generelle driftsinntekter | 158 800 |
| Konsesjonskraft | 392 500 |
| Sum generelle driftsinntekter | 13 000 725 |
| Netto driftsbudsjett avdelingane | |
| Fellesutgifter | 21 747 |
| Politisk styring og kontrollorgan | 69 100 |
| Organisasjon og økonomi | 168 967 |
| Eigedom og utbygging | 609 503 |
| IKT og digitalisering | 190 589 |
| Tannhelse | 374 604 |
| Kultur og folkehelse | 374 300 |
| Infrastruktur og veg | 1 741 537 |
| Mobilitet og kollektivtransport | 3 507 916 |
| Næring, plan og innovasjon | 199 493 |
| Opplæring og kompetanse | 4 008 405 |
| Lønsavsetjing, premieavvik | 8 400 |
| Sum netto driftsutgifter | 11 274 561 |

| | |
|---|------------------|
| Renteinntekter | 224 600 |
| Renteutgifter | 684 200 |
| Avdrag på lån | 850 000 |
| Netto finansinnt./utg. | 1 309 600 |
| Overføring til investering | 635 000 |
| Nto avsetjing / bruk av bundne driftsfond | |
| Nto avsetjing / bruk av disposisjonsfond | -218 435 |
| Dekking av tidlegare års meirforbruk | |
| Sum disponeringar | 416 565 |

3. Investeringsbudsjettet for 2024 vert vedteke med slike rammer:

1 000 kr

| | |
|--|------------------|
| Investeringar pr sektor | |
| Bygg og eigedom | 1 291 300 |
| Mobilitet og kollektiv | 348 000 |
| Fylkesveg | 2 926 000 |
| Sum investeringar varige driftsmiddel | 4 565 300 |
| Finansiering: | |
| Kompensasjon mva | 572 735 |
| Tilskot frå andre | 862 400 |
| Sal av varige driftsmiddel | 99 500 |
| Bruk av lån | 2 379 628 |
| Sum investeringsinntekter | 3 914 263 |
| Overføring frå drift | 635 000 |
| Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond | 16 037 |
| Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford | |
| Dekning av tidlegare års udekka beløp | |
| Sum overføring frå drift og netto avsetjing | 651 037 |
| Framført til inndecking seinare år | 0 |

- Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 2 379,6 mill. kr.
- Takstane for kollektivtrafikken vert auka med gjennomsnittleg 6,5 %. Takstane for ferje følgjer riksregulativet.
- Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
- Fylkestinget godkjenner budsjetttrammene for økonomiplanen for 2024-27. Rammene vert lagt til grunn ved utarbeiding av økonomiplan for perioden 2025-2028.

Samandrag

Finansutvalet har det politiske ansvaret for budsjettprosessen, og utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

Det vert lagt fram eit samla budsjettdokument som vedlegg til arbeidsdokument 4/23.

Arbeidsdokument 4/23 byggjer på tidlegare framlagde arbeidsdokument i finansutvalet gjennom året med tilhørande prosessvedtak.

I tillegg til det som er presentert i tidlegare arbeidsdokument, er budsjettdokumentet supplert med innleiing, klimabudsjett, budsjettreglement og finansielle måltal.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør
Organisasjon og økonomi (ORO)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift

Vedlegg

- 1 Lenke Framsikt
- 2 A-dok 4 Framsikt (budsjett og økonomiplan i PDF-format)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I det fjerde arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2023 presenterer fylkesdirektøren forslag til Budsjett 2024 – økonomiplan 2024- 2027 i eige vedlegg til denne saka.

Finansutvalet handsama i møte 25. oktober arbeidsdokument 3/23. Fylkesdirektøren foreslår i det vedlagde budsjettdokumentet endringar i samsvar med prosessvedtaka frå finansutvalet.

Dette gjeld forslag om salderingstiltak for driftsbudsjettet og utsetjing av investeringstiltak slik det går fram av vedlegget til arbeidsdokument 4/23.

Finansutvalet si budsjettinnstilling skal leggjast fram for hovudutvala til uttale i november før handsaming i fylkesutvalet 28. november.

Arbeidsdokument 4/23 – Budsjett 2024/økonomiplan 2024-2027 finn ein på denne lenka i publiseringsverktøyet Framsikt:

[Budsjett 2024 - økonomiplan 2024-2027](#)

Det er utarbeidd ein PDF-versjon som eit supplement til den gjeldande versjonen i Framsikt. I denne versjonen får ein ikkje fram omtale av dei einskilde investeringsprosjekta. Desse omtalane finn ein berre ved å klikke i Framsikt på prosjekta i investeringstabellen.

Spørsmål til arbeidsdokumentet kan sendast til politisk@vlfk.no.

Spørsmåla vert lagt inn i spørsmål- og svarfunksjonen i Framsikt og svarde ut etter kvart i denne funksjonen. Spørsmål- og svarfunksjonen vert løpande oppdatert og er å finne på lenka til arbeidsdokumentet.